

# Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
44/2014	Formannskapet	04.06.2014

Sakshandsamar:	Rådmann/stab	Per Inge Olsen		
Avgjerslemynde:		Sak Id:	14/2543	Klassering:

## Revidering av driftsbudsjett for 2014

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Med bakgrunn i følgjande har det framkomme behov for å justere budsjettet for 2014:

- årsrekneskapen for 2013
- informasjon frå dei månadlege økonomiske rapporteringane
- arbeidet med berekning av tilskotet til dei private barnehagane for 2013 og for 2014
- arbeidet med økonomiplanen for perioden 2015 – 2018

#### 1. Revidering av budsjetterte inntekter og netto finanspostar:

Årsrekneskapen for 2013 kjem ut med overskot, og det er såleis ikkje trøng for avsette midlar i budsjettet for 2014 på kr 13,8 mill til inndekning av tidlegare års meirforbruk.

Skatteanslaget for 2014 for Meland kommune er oppdatert i prognosemodellen frå KS som kommunen nyttar til berekning av rammetilskot og skatteinntekter i samband med økonomiplanarbeidet for åra 2015-18. Prognosane for 2014 syner at veksten i skatteinntektene nasjonalt og i Meland kommune vert lågare enn rekna med i budsjettet. I tillegg har kommunen færre innbyggjarar pr 1. januar 2014 enn rekna med i opphavleg budsjett, noko som reduserer forventa skatteinntekter monaleg, med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill. Dette inneber ei auka på 4,4% frå 2013, medan veksten i rekna med i opphavleg budsjett frå 2013 var på 8,5%.

Tek ein omsyn til at skatteinntektene i 2013 vart høgare enn rekna med, treng vi ein vekst i skatteinntektene på 6,6% i 2014 for å nå budsjettet. Prosentvis er såleis prognosene for skattevekst i 2014 2,2% lågare enn kva han må vere for å nå budsjettmålet for 2014.

Utskriving av 1. termin av eigedomsskatten for 2014 tyder på at inntekta frå eigedomsskatten totalt vert for 2014 vil verte kr 0,5 mill høgare enn budsjettet. I sum gjer vi difor framlegg om å redusere inntekta i revidert budsjett for 2014 frå skatt og eigedomsskatt med netto kr 3,3 mill.

Sum inntekter og finansposter vert netto auka med tilsaman kr 10,5 mill.

## **2. Revidering av budsjettert utgiftsramme:**

### **a. Drift av Marihøna barnehage:**

Som følgje av at barnehageopptaket for hausten 2014 viser at det vert 6 færre born i Marihøna barnehage har ein redusert bemanninga i barnehagen tilsvarande ein årseffekt på kr 300.000,- i lønskostnad, og ein gjer framlegg om å redusere utgiftsramma tilsvarande.

Kombinasjonen av reduserte lønskostnad og redusert barnetal gjev netto ein kalkulert reduksjon i tilskot til dei private barnehagane med kr 1,1 mill. Denne effekten er inkludert i framlegg til budsjettjustering av tilskotet til dei private barnehagane med kr 5,2 mill i punktet nedenfor.

### **b. Tilskot til private barnehagar:**

I kommentarane til budsjettet for 2014 skreiv vi at vi rekna med at vi med utsetting av framlegg til forskrifts-endring vedrørande beregningsmodell for tilskot til private barnehagar ville få ei innsparing på kr 10 mill. Etter at barnetall i den kommunale og den private barnehagen er klarlagt pr 15.12.2014 ser vi at vi ikkje får så stor innsparing.

Vi gjer framlegg om å redusere budsjettert tilskot til dei private barnehagane med kr 5,2 mill.

Færre barn i den kommunale barnehagen enn rekna med aukar tilskotssatsen monaleg. I tillegg er det fleire born i dei private barnhagane enn vi rekna med i budsjettet, og dette aukar den totale budsjettsummen. I budsjettet tok vi dessutan ikkje omsyn til effekten av premieavviket for pensjon ved berekning av tilskotssatsen, noko som åleine aukar forventa tilskotssats med nær 3 mill.

Etter budsjettjusteringa er tilskotet for 2014 budsjettert med kr 4,8 mill meir enn det som det vedtekne budsjettet for 2014 la opp til.

### **c. Ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane**

Som følgje av signal frå politisk hald etter dialogmøtet 16. mai med dei private barnehagane legg rådmann opp til å auke driftsramma for 2014 med kr 3,1 mill for å kunne ha dekning til å utbetale eit eventuelt ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane. Summen svarar til det kommunen vil krevje tilbakebetalt frå dei private barnehagane som følgje av innsparinger i rekneskapen til kommunen i 2013. Det er ikkje aktuelt å gjere dette som endring av rekneskapen for 2013, men tilskotet vert å bokføre i 2014.

Som del av grunnlaget for utbetaling av eit slikt ekstraordinært tilskot ser rådmann for seg at det vert inngått avtaler med barnehagane som sett vilkår, planar og prinsipp for korleis kommunikasjonen mellom kommunen og dei private barnehagane skal vere framover. Det er også viktig for kommunen at ikkje dette tilskotet har effekt på den

forskriftsmessige utrekninga av tilskotssatsar, men vert å rekne utanom dette.  
Kommunen vil før ein endeleg fastset korleis eit slikt tilskot formelt kan grunngjenvast,  
sørgje for å sikre kva regelverket gjev anledning til å utbetale utan at det bind kommunen  
i forhold til berekning av framtidige tilskotssatsar.

d. Grasdal skule

Grasdal skule har oppretta ei ny lærarstilling i januar 2014 som gjer at ein ikkje klarer å  
halde budsjettetramma for 2014. Rådmann gjer framlegg om å auke utgiftramma med  
kr 0,5 mill for å dekke inn denne stillinga.

Andre tenesteområde

Andre tenesteområde har så langt ikkje meldt om vesentlege forventa budsjettavvik som ikkje kan  
dekkast inn innanfor eksisterande rammer.

**Vurdering**

Budsjettendringa har ikkje effekt på område i budsjettet som vil vedrøre folkehelse eller miljø.

**Konklusjon**

Rådmann gjer såleis framlegg om å gjere følgjande endringar i budsjettet for 2014:

1. Skatteinntektene for 2014 vert redusert med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill.
2. Eigedomsskatteinntektene vert auka med kr 0,5 mill til kr 23,265 mill
3. Budsjettert kostnad til inndekning av tidlegare års meirforbruk vert redusert med kr 13,8 mill  
til kr 0.
4. Utgiftsramma for alle tenesteområda som rådmannen disponerer vert redusert med  
kr 1,9 mill til kr 381,1 mill. Fordelinga ramma vert som spesifisert i pkt 2 a-d over.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Skatteinntektene for 2014 vert redusert med kr 3,8 mill til kr 181,6 mill.
2. Eigedomsskatteinntektene vert auka med kr 0,5 mill til kr 23,265 mill
3. Budsjettert kostnad til inndekning av tidlegare års meirforbruk vert redusert  
– med kr 13,8 mill til kr 0.
4. Utgiftsramma for alle tenesteområda rådmannen disponerer vert redusert med kr 1,9 mill til  
– kr 381,1 mill.

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

**Vedlagte saksdokument:**

Rammer revidert budsjett 2014 9717

28.05.2014

